

Den første utanlandske fonnaturisten?

Ingen er vel heilt sikker på kortid den første utlendigen kom til Mauranger for å gå over Fonna som turist. Stort sett vart vel berre den vegen nytta når ein hadde eit ærend på andre sida av fonna, eller opp med husdyr.

Ein av dei første må i alle fall vera skotten James D. Forbes, som var fødd i 1806.

Meir forskar enn vanleg turist.

Han var professor i fysikk ved universitetet i Edinburgh, og ein av dei første (om ikkje den allerførste) som forska på breane sin oppførsel, både her i landet og andre land.

For nokre år sidan fann eg ei bok i eit antikvariat i Oslo. Den var trykt i Skottland i 1848, så turen her har vel vore i 1846-47. Boka var svindyr, så eg fekk kopiera dei sidene(8 stk) som omhandla turen Rosendal- Odda, han gjorde masse observasjonar undervegs.

Fin tur innover langs landet.

Han og ein til, leigde seg rorskarar i Rosendal, og la i veg mot Mauranger.

Heile tida tok han skisser av landskapet, og forklara korleis isen har forma dalane og terrassane som dei passerar. Furebergfossen skildra han som eit vassfall av "extreme beauty", og tvilte på om det var nokon flottare foss i Noreg.

Dei landar i Sundal, og tok seg fram opp til Bondhus.(Den tida var det vel berre naust nede ved sjøen)

Møte med John (Jon?) Bondhus.

Dei fann fram til Jon Bondhus,(i Jonastovo?) som budde i ein landsby av grove tømmerhus, samla omkring ein elendig vegstubb. Den gongen var det klyngetun på Bondhus, som dei fleste andre stader på bygdane, den einaste att no er vel Janastovo.(Gamlastovo kalla).

Jon var ein eldre, høgrest kar med kvitt hår nedover akslene. Han var nett blitt enkemann.

Saman med sonen sin og hunden, vart han med innover dalen for å visa dei breen.

I livsfare over Bondhusvatnet.

Dei gode båtane var på andre sida med stølsfolk, så dei måtte bruka ein forskrekkeleg dårleg farkost. Han var sjeleglad at dei kom over i levande livet. Så tok dei i veg opp mot Nedstasæteret og brefoten. Heile tida måla han høgda o.h. med sitt "aneroidbarometer". Han meinte at tregrensa låg på ca.1500-2000 fot.

Oppe ved sætra var det nokre skrale hytter, bygde av lause dårleg tilpassa steinar.

Sæterjentene såg dei ikkje, dei var lenger oppe med buskapen. Heile tida teikna han skisser, fundera på steinurar og massane som isen hadde lagt att. Samanlikna ofte med Alpene, der han tydelegvis hadde vore ein god del.

Så drar dei same vegen heimover att i den dårlege båten.

Forts. neste side

Berre i Austrepollen dei kunne få folk med seg over isen til Odda.

Ingen ville ta dei over til Odda, så om kvelden vart dei rodd innover. Det var ein fin tur, og for første gongen såg han stjernehimmlen i Norge.

Jon tok dei opp til Svale Øvrehus, han var gått til køys, men reis opp og baud dei overnatting. Han lova og å gå med dei over neste dag. Sengene var ikkje "luxurious", men bra reine, og dei sov godt. (dette var nok ein engelsk "gentleman" som var vane med andre forhold).

Neste dag tok dei tildleg iveg, dei hadde mykje klede og utstyr med, for her var ikkje noko å få kjøpt. Dei selar på, Svale tok ei svær bør på eit vanleg "børatog" med "hoveld" på. (nye ord til ordlista vår?)

Svale hadde og med dei halvaksne borna sine, ein gut og ei gjente. Skotten merka seg at gjenta hadde ei heller tung bør, medan guten gjekk nærast tomhendt. (ja, ja slik var det nok den tida).

Opp Hardingskaret.

Det vart ei hard økt opp skaret i solsteiken, stien var lite brukt, men oppå vert det lettare. Den var det nok ingen som gjekk for moro, alt var nytteferdsla, og det var nok ikkje så ofte folk tok iveg over fonna., men oppe på fjellet var der nokre geitegjætarar.

Heile tida tok han høgda med sitt barometer, og då dei nådde isen meinte han dei var 3700 fot o.h.

Oppe på breen notera han alt han observerte. Snøen var lett å gå og det gjekk fint vidare over og ned til Odda.

Og her endar turen for vår del.

Johs.B